

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 17/9053-10

Forskottering av fylkesvegprosjekt - gang- og sykkelveg fv. 60 Loen - Solvik/Rake

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Søknaden frå Stryn kommune om forskottering av gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen – Solvik/Rake vert ikkje imøtekomen. Prosjektet er ikkje prioritert i handlingsprogram for investeringar på fylkesvegnettet i perioden 2019-2022, og stettar såleis ikkje fylkestinget sine krav til forskottering ut frå vedtekne retningslinjer.

Vedlegg:

Søknad frå Stryn kommune datert 27.08.2019 m/vedlegg

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Stryn kommune har i brev av 27.08.2019 (vedlagt) søkt om å få forskottere gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen – Solvik/Rake i kommunen. Prosjektet som ein ønskjer å forskottere har eit kostnadsoverslag på 25,6 mill. kr ekskl. mva. og inkl. grunninnløyising. Kostnadsoverslaget inkl. mva. er 32 mill. kr.

Kommunen fremja også ein søknad om forskottering 21.02.2019. Denne vart ikkje lagt fram for politisk handsaming då det ikkje låg føre godkjent reguleringsplan med kostnadsoverslag. Denne søknaden vart difor lagt fram for hovudutval for samferdsle 19.03.2019 som «Skriv og meldingssak».

Det vart gjennomført eit møte 28.02.2019 med Stryn kommune, Statens vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Her presenterte ordføraren prosjektet og den tidlegare søknaden om forskottering. Han opplyste då at det var lagt opp til at reguleringsplanen kunne vere klar for endeleg handsaming og vedtak i kommunestyret tidleg haust 2019.

Reguleringsplanen for prosjektet vart godkjent i kommunestyret 21.08.2019.

Bakgrunnen for at Stryn kommune ønskjer å forskottere prosjektet er i følgje søknaden

«ei erkjening av at trafikken på denne strekninga er sterkt aukande, og det er vanskeleg – eller tilnærma uforsvarleg – å ferdast langs Fv. 60 på denne strekninga til fots og/eller på sykkel. Bebuarane på Rake/Solvik er knytt til Loen sentrum i alle servicesamanhengar – både gjennom handel, skulegong, fritidsaktivitetar etc. I tillegg har opninga av Loen Skyllift ført til at trafikken av gåande og syklande har auka mykje på strekninga.

Området Rake/Solvik er eit av kommunen sine prioriterte område for etablering av attraktive og sentrumsnære bustadområde. I dette området er det ferdig regulert rundt 80 bu-einingar, men

naudsynt infrastruktur som ny tilkomstveg og gang- og sykkelveg til Loen manglar. Etablert busetnad, planlagt ny busetnad, etablering av Loen Skylift og tilrettelegging av eit omfattande stinett mellom Hoven – Rake – Stryn sentrum, inneber at området Loen – Solvik – Rake har fått, og vil få, ein vesentleg høgare aktivitet. Ein gang- og sykkelveg frå Loen til Solvik vil ha ut-løysande effekt for ei betydeleg verdsskaping i dette området. I tillegg vil den gje ei trafiksikker samankopling mellom turistanlegga og bustadområda i Loen, og rekreasjonsområda med utgangspunkt på Oppheim. Dette området har fått mykje betre tilgjenge som følgje av den nye skogsvegen/anleggsvegen frå Holme til Hoven, og på grunn av tilrettelegging av nye stiar og opprusting av eksisterande stiar i fjellområda mellom Stryn sentrum og Loen.»

Kommunen er kjent med at prosjektet ikkje er prioritert i handlingsprogram for investeringar på fylkesvegnettet i perioden 2019-2022, og at prosjektet såleis ikkje stettar fylkestinget sine krav til forskottering, jf. vedtekne retningslinjer - pkt. 1 a under.

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkestinget fastsette i sak 59/10 slike retningslinjer for forskottering på fylkesveg:

- 1 Følgjande retningslinjer skal leggjast til grunn for forskottering på fylkesveg:
 - a) Det kan gjevast løyve til forskottering av investeringsprosjekt under føresetnader av at:
 - prosjektet er prioritert i handlingsprogram for fylkesvegnettet /
 - det ligg føre godkjent reguleringsplan for prosjektet
 - b) Det kan gjevast løyve til forskottering av planleggingsmidlar under føresetnad av at prosjektet er prioritert i planleggingsprogrammet.
 - c) Forskottarar skal vere ansvarlig for å forskottere midlar utan opphald etter rekvisisjon frå fylkeskommunen slik at føresettt framdrift i prosjektet kan haldast.
 - d) Forskotteringa skal omfatte heile prosjektkostnaden inkludert :
 - plan og prosjekteringskostnader
 - prisstigning
 - eventuell anna kostnadsauke i byggeperioden på inntil 10 pst. av samla prosjektkostnad
 - e) Forskotteringssummen skal refunderast utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån
 - f) Refusjon av forskottet skal skje når prosjektet kjem i løyvingsposisjon i det vedtekne handlingsprogrammet. Ved ein ev. større reduksjon i det samla framtidige handlingsrommet for fylkesveginvesteringar kan refusjonstidspunktet skyvast ut i tid i inntil 2 år.
 - g) Det skal til ein kvar tid vurderast om omfanget av forskotteringar er rimeleg i høve til dei samla rammene til fylkesveginvesteringar og i høve til at omfanget ikkje skal legge urimeleg press på kapasiteten til planlegging og på anleggsbransjen.
- 2 Det ligg til fylkestinget å inngå forskotteringsavtalar.

Sentrale problemstillingar

Prosjektet er ikkje prioritert i handlingsprogram for investeringar på fylkesvegnettet 2019-2022. FT har, i samband med behandlinga av Regional transportplan 2018-2021 (sak 57/17), prioritert prosjektet på 2. plass på marginalista for gang- og sykkelveg, bak prosjektet fv. 615 Sandane – Fitje.

Andre opplysningar

Stryn kommune har i søknaden sagt følgjande om gjennomføring av prosjektet:

«Gangveg Loen Solvik og ny veg med fortau Solvik – Leitekvia er planlagt gjennomført som eit prosjekt over to år. I anbudsutlysinga og vidare oppfølging vil prosjekta bli organisert slik at kostnaden med prosjekta blir tydeleg fråskilde. Vi legg elles opp til ein tett dialog med vegeigar, mellom anna ved at fylkeskommunen blir invitert til å delta på byggemøta etc.»

Kommunen vil ta ansvar for alle deler av gjennomføringa av prosjektet, som detaljprosjektering, anbudsprosess, grunninnløysing, prosjektleiing etc. Vi legg til grunn at Prosjektet vil bli gjennomført i nært samarbeid med Statens vegvesen/Vestland fylke.»

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Forut for denne saksutgreiinga har Statens vegvesen (SVV) gjort ei kvalitetssikring av kostnads-overslaget på 25,6 mill. kr. SVV meiner ut frå erfaringstal og vurderingar at dei samla kostnadane i prosjektet vil vere noko større enn anslaget i søknaden (om lag 32,7 mill. kr ekskl. mva.). Dette er tal med stor uvisse.

Fylkestinget har vedteke retningslinjer for forskottering. Fylkesrådmannen finn ut frå desse ikkje grunnlag for å kunne gi ei tilråding om å støtte søknaden. Fylkesrådmannen syner også til vedteken prioritering i samband med Regional transportplan.

Dersom søknaden vert støtta vil dette ha konsekvensar for moglegheita til å finansiere prosjekt med høgare prioritert. Desse vil såleis blir skyvd framover i tid. Ei forskottering vil også binde opp fylkeskommunale midlar for framtida og såleis redusere handlingsrommet framover.

I følgje retningslinjene for forskottering skal refusjon skje når prosjektet kjem i løyvingssposisjon i det vedtekne handlingsprogrammet. Dette prosjektet er ikkje oppført i handlingsprogrammet og det er vanskeleg å anslå når det ville ha kome i løyvingssposisjon. Stryn kommunen legg i søknaden til grunn at refusjon av forskottering skal skje innan 4 år frå kontraktisering. Dette vil tidlegast vere i 2024, og vil såleis gje ei binding på framtidige budsjett i Vestland fk.

Det er i søknaden lagt opp til at fylkeskommunen skal overta vegen som fylkesveg etter ferdigstilling. Dette vil gi auka kostnad til drift og vedlikehald framover.

Fylkesrådmannen legg opp til at saka vert avgjort i fylkesutvalet, i og med at ei ev. imøtecoming vil vere i strid med fylkestinget sine egne retningslinjer for forskottering. Dersom fylkesutvalet likevel meiner at saka skal fram for fylkestinget, må ein vedta det.

Eit ev. positivt vedtak frå fylkeskommunen si side, må følgjast opp ved at det vert underteikna ein forskotteringsavtale mellom fylkeskommunen og Stryn kommune. I denne må alle forhold knytt til ansvar, økonomi og risiko vere avklart, så som:

- kven skal ha ansvaret for gjennomføringa av prosjektet
- forskotteringsbeløpet (ekskl. mva.) og tidspunkt for refusjon av forskotteringa
- kven skal ha ansvar for ev. overskridingar, jf. at kostnadsanslaget kan vere for lågt.
- dersom fylkeskommunen skal overta vegen (fylkesveg), må det stillast krav om at vegen skal byggast etter gjeldande handbøker/normalar, ev. fråvik må godkjennast av fylkeskommunen, og alle forhold knytt til kontraktar/grunnerverv må vere avslutta før vegen kan omklassifiserast til fylkesveg.
- Endeleg må det avklarast kven som skal ha fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunen.

3. Konklusjon

Fylkestinget har vedteke retningslinjer for forskottering. Fylkesrådmannen finn ut frå desse ikkje grunnlag for å kunne gi ei tilråding om å støtte søknaden. Dersom ein likevel vel å støtte søknaden, må ein del eksplisitte forhold avklarast som lekk i slutthandsaminga, sjå over.